

Referat frå instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 25. mai 2022

Stad: Rom 217, HF-bygget

Til stades:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Lene Johannessen, Ingunn Lunde, Kari Soriano Salkjelsvik, Huiwen Zhang og Martin Paulsen.

Frå gruppe B: Runa Falck.

Frå gruppe C: Anne Hestnes.

Frå gruppe D: Anja Eriksen, Christine Marie Mowinckel Fagg

Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader. Instituttleiar melde ei sak om innspel til 2023-budsjettet (sjå brev frå fakultetet, ettersendt 24.5).

Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 6. april 2022

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- a) Uthaug orienterte om instituttøkonomien så langt i 2022, jf. økonomirapportane som vart ettersende til instituttrådsmedlemane 24.5. På dei eksterntfinansierte prosjekta (BOA) er det ei forseinking i aktiviteten og pengebruken, og det er eit visst underforbruk av midlar på dei interne prosjekta (GP). Av driftsmidlane (GA) ved instituttet er det brukt meir enn budsjettet, og dels heng dette saman med sensorhonorar som skriv seg frå hausten 2021, men først er blitt utbetalte no i vår. Det er viktig å halda utgiftene nede, ikkje minst når det gjeld bruken av pengar til vikarar og mellombels tilsette til hausten. Sjølv om det er vanskeleg med prognosar så tidleg på året, må vi rekna med å dekkja underskot på GA med oppsamla overskot på vidareutdanninga ved instituttet.

- b) Instituttleiar orienterte om dei fem utlyste stipendiatstillingane. Ni kandidatar skal intervjuast 2. og 3. juni. Det har gått lang tid med denne tilsetjingsprosessen, og dette har fleire grunnar, men instituttet har likevel ein bra sjanse til å få tilsett i fleire av stillingane til planlagt tidspunkt, dvs. hausten 2022. Soriano peikte på at ein av dei innkalla kandidatane ikkje har rettleiar ved IF, og instituttleiar undersøker dette nærare i etterkant av instituttrådsrådet. Johannessen peikte på at universiteta både i Oslo og Agder har handtert sine utlysingar av stipendiatstillingar mykje raskare enn IF.
- c) Referatet frå dialogmøtet mellom fakultetsleiinga og IF er sendt ut til instituttrådsmedlemene. Instituttleiar trekte fram at fakultetsleiinga var svært nøgd med rapporteringa frå instituttet på undervisningssida. Fakultetsleiinga peikte i dialogmøtet m.a. på at gjennomføringa på masternivået vårt er alarmerande dårleg, og stilte spørsmål ved om instituttet brukte stipendiatutlysingane strategisk. Soriano spurde om korleis ein hadde tenkt å finna ressursar til eigne Ukraina-emne. Paulsen viste til at planane om slike emne var lagde bort etter dialog med fakultetet, slik at spørsmålet om finansiering ikkje lenger var aktuelt.
- d) Søkjartala til faga ved IF i 2022 er lågare enn året før, og dette er ein trend som gjeld fakultetet generelt. Nedgangen rammar òg fag som tradisjonelt har hatt stor tilstrøyming, og som derfor er viktige for resultatinntektene. Eit lyspunkt er det at lektorprogramma har gode søkjartal. Fakultetet har bede institutta gå gjennom studieprogramma og sjå om ein kan la vera å tilby program med svært få søkjarar. Instituttleiinga ser dette som lite aktuelt for IF her og no, men vi må bruka søkjartala i det vidare arbeidet med studieprogramporteføljen ved instituttet.
- e) Det skal gjennomførast val til instituttrådet for gruppe B (mellombels tilsette) og D (studentar) no i slutten av vårsemesteret. Falck bad instituttleiinga informera dei tilsette meir om korleis dei ulike organa, som instituttrådet og fakultetsstyret, fungerer.

Sak 4 – Utlysing ph.d.-stipendiat i ukrainsk

Instituttleiar orienterte om framlegget om å lysa ut ei stipendiatstilling i ukrainsk. Samfunnet treng kompetanse på dette feltet. Fakultetsleiinga ser dessutan ut til å vurdera det som lite strategisk å lysa ut opne stipendiatstillingar, og instituttet bør synleggjera at vi brukar stipendiatheimlane våre strategisk. Soriano spurde kva fakultetet meiner med strategisk bruk av stipendiatheimlar. Berg Henjum spurde kva som var tenkt med «ukrainsk» i utlysinga: Det er vel ikkje meininga å oppretta ukrainsk språk som fag ved IF, og det er det neppe instituttet sitt oppdrag å forska og undervisa innan ukrainsk historie og kultur. Johannessen var òg skeptisk til utlysinga det var gjort framlegg om, og las notatet meir som eit forprosjekt til ein NFR-søknad el.l. Kanskje kunne ein ha tenkt seg ei breiare tematisk utlysing enn ei utlysing spesifikt knytt til ukrainsk? Lunde meinte det var viktig med god balanse mellom opne utlysingar og strategisk bruk av stipendiatstillingar. Ho meinte dessutan ei utlysing knytt til ukrainsk ikkje ville vera kortsiktig, men ei fornuftig langsiktig satsing. IF kunne her tilføra samfunnet viktig kompetanse. Instituttleiar streka òg under at vi med ei slik stipendiatstilling kunne møte eit kompetansebehov i samfunnet. Uthaug argumenterte for ei utlysing i ukrainsk og viste til at det ville koma i møte forventningane frå fakultetet om strategisk bruk av stipendiatheimlar. Falck meinte det var gode grunnar til å lysa ut ei stipendiatstilling i ukrainsk. Soriano viste til at det var fleire fag som kunne ha like gode argument for å be om ei øyremerkt stipendiatstilling. Skal dei andre faga òg få uttala seg om strategiske kompetansebehov og ønske om utlysing av øyremerkta stipendiatstillingar? Hestnes såg det kunne vera strategisk viktig å øyremerka stipendiatstillingar, men då er det viktig og riktig at heile

instituttet får delta i ein slik prosess og melda inn ønske. Det er mange fag og felt som kan ha framtidretta ønske om øyremerking. Berg Henjum viste òg til at mange andre fag ved instituttet har behov for stipendiatstillingar. Johannessen trekte fram at vi bør ha ein større, strategisk samtale om dette spørsmålet. Fagg meinte ei Ukraina-utlysing kunne vera med og setja instituttet på kartet.

Instituttleiar konkluderte med at IF ikkje lyser ut ei stipendiatstilling i ukrainsk no, men at vi kjem tilbake til ein større, strategisk diskusjon om bruken av stipendiatheimlar på første instituttrådsmøte etter sommaren.

Sak 5 – OFNEC

Instituttleiar viste til notatet frå franskfaget og støtta at instituttet held fram samarbeidet med OFNEC. Den økonomiske konsekvensen er at instituttet tek på seg ei ekstra utgift til lærarkrefter på maks 100 000 i året. Hestnes viste til at faget jobbar godt med å tilpassa Caen-opplegget.

Instituttrådet hadde ikkje innvendingar mot at instituttet vidarefører CAEN-samarbeidet.

Sak 6 – HMS-årsplan

Instituttleiar orienterte om arbeidet med hms-årsplan. Han ønskjer ei fast årleg oppdatering og konkretisering av hms-plan for neste år på instituttrådsmøtet i november/desember. Første instituttrådsmøte i vårsemesteret bør kvart år gå gjennom og vurdera hms-arbeidet i året som nett er gått.

Lunde meinte rutineane for mottak av fast vitenskapleg tilsette òg bør gjerast gjeldande for stipendiatar, postdoktorar o.a.

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet vedtek HMS-årsplan for 2022.

Sak 7 – Bemanningsplan – høyringsinnspel

Instituttleiar orienterte om bemanningsplanen ved fakultetet, som gjev rammene for fordelinga av dei faste vitenskaplege stillingane på institutta. Han har vore i dialog med fakultetsleiinga for å sikra instituttrådet tilstrekkeleg grunnlag for å koma med sine innspel på framlegget til nye prinsipp for bemanningsplanen.

Fakultetet gjer framlegg om å gå frå sju til tre kriterium i bemanningsplanen. Ein ønskjer dessutan å sjå på kriteria over eit tidsspenn på fem eller ti år, ikkje berre tre år, og å utvida verketida for planen til ti år (med årlege vurderingar og eventuelt justeringar). Kriteria vil fokusera på studie- og forskingskvalitet, på ressursbehov og økonomisk berekraft. Den noverande undervisningsindikatoren vil bli bytta ut med ei måling av årsekvivalentar (60 studiepoeng) per fagleg stilling med undervisning

Instituttleiar sender ut lysark-presentasjonen han har fått, i etterkant av instituttrådsmøtet.

Eit par av medlemane bad om eit ekstra instituttrådsmøte i juni for å drøfta dei nye kriteria for bemanningsplanen (høyrings-saka). Det blir sett opp eit ekstra instituttrådsmøte 8. juni.

Sak 8 – Japansk masterprogram

Instituttleiar orienterte om saka. Instituttet har fått ei førebels tilbakemelding om at fakultetet støttar arbeidet med å oppretta eit masterstudium i japansk.

Lunde meinte det var eit godt gjennomarbeidd framlegg som var lagt fram for det nye masterprogrammet, men hadde samstundes spørsmål til den veldig tydelege innretninga mot omsetjing mm. Er t.d. ei masteroppgåve som er sett saman av ei omsetjing med kommentarar, godt nok grunnlag for ein kandidat som seinare vil søkja ph.d.-stilling også andre stader enn ved UiB? Soriano støtta innspelet frå Lunde, og innspelet vert formidla vidare til dei som arbeider med å utvikla ein mastergrad i japansk.

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet støttar arbeidet med å oppretta eit masterprogram i japansk.

Sak 9 – Strategi

Saka vart utsett til instituttrådsmøtet 8. juni.

Sak 10 – ymse

Saka om budsjettinnspel til fakultetet vart utsett til møtet 8. juni.

Martin Paulsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef